



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Jordvernstrategi i Sogn og Fjordane



**Strategi for Fylkesmannen sitt arbeid med arealforvaltning
og jordvern i Sogn og Fjordane**
Januar 2010

Føreord

Jordvern handlar om å sikra etterkomarane våre høve til å dyrka eigen mat på eiga jord. Klimaendringar med tørke og flaum påverkar den globale matforsyninga. I følgje FN er nærare ein milliard menneske på jorda alt i dag utan fullgod matforsyning. Folketalet i verda er i rask vekst, og FN spår auke frå dagens ca 6 milliardar til om lag 9 milliardar kring år 2050.

Etterspørselen etter mat er aukande som følgje av økonomisk vekst i folkerike asiatiske land. Store mateksporterande land er i gang med energiproduksjon på dyrka jord. Matjorda er ein avgrensa ressurs. Berre 3 % av areala i landet vårt – og ikkje meir enn 2,5 % i fylket vårt - er dyrka jord.

For å styrka lokaldemokratiet har kommunane fått delegert omfattande avgjerdsmynde innafor landbrukslovgjevinga. Dermed har kommunane ei nøkkelrolle i forvaltninga av dyrka jord og kulturlandskap.

Føremålet med denne strategien er å vera retningsgjevande for Fylkesmannen sitt arbeid med å sikra landbruket sine arealressursar. Det er vidare ein intensjon at strategien skal vera til hjelp for kommunane med tanke på å nå det nasjonale målet om å halvera omdisponeringa av dyrka jord. Dersom ein skal nå dette målet, må det både på regionalt og kommunalt nivå leggjast større vekt på jordvern enn det er gjort hittil.

Jordvernstrategien vart utarbeidd av Fylkesmannen og etter høyring hjå kommunane hausten 2008 også vedteken av Fylkeslandbruksstyret. Under planprosessen vart det sagt at dette var ein strategi for både Fylkesmannen og Fylkeslandbruksstyret. Etter at Fylkeslandbruksstyret vart lagt ned som forvaltningsorgan frå nyttår 2010, står såleis innhaldet i denne strategien framleis fast. Ved ein gjennomgang i januar 2010 har vi derfor berre redigert teksta med omsyn til endringane i ansvarsforhold, mellom anna at det no er Fylkesmannen som har mynde til å reise motsegn også på landbruksområdet. Det er dessutan synt til siste statsbudsjett og andre styringsdokument på landbruksområdet.

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Innhaldsliste

1. Nasjonale mål og føringar	3
2. Regionale føringar.....	3
3. Fylkesmannen sine jordvernoppgåver	4
4. Jordbruksarealet i fylket	5
5. Hovudmål og generelle strategiar	6
6. Konfliktområde, delmål og strategiar	7
7. Bruk av motsegn.....	9
8. Forventningar til kommunane	10

1. Nasjonale mål og føringar

Jordlova av 1995 sin føremålsparagraf seier mellom anna følgjande: ”Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter”.

I § 9 som handlar om bruk av dyrka og dyrkbar jord, står det:

”Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika.”

Plan- og bygningslova av 2008 har i § 3-1 ei oppstilling av oppgåver og omsyn som skal takast ved planlegging etter lova. Her står det at ”*Innenfor rammen av § 1-1 skal planer etter denne lov b) sikre jordressursene, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer.*”

I St.prp.nr. 1 (2004-2005) vart det av Bondevik II-regjeringa sett som mål å halvera den årlege omdisponering av dei mest verdfulle jordressursane innan 2010. Innan same fristen skulle det liggja føre ein forvaltningsplan for spesielt verdfulle kulturlandskap. Desse måla som fekk tilslutning av Stortinget, er seinare refererte i mange ulike dokument frå sentrale styresmakter.

I St.prp.nr. 1 (2007-2008) understrekar Regjeringa det nasjonale ansvaret for å ta vare på norsk matjord for etterkommarane våre. Målet er å halda oppe eit levande landbruk over heile landet. Eitt av delmåla for mat- og landbrukspolitikken er å ha ei berekraftig ressursforvaltning med eit sterkt jordvern, ta vare på og halda kulturlandskapet ved like og sikra det biologiske mangfaldet.

2. Regionale føringar

Fylkesplan for Sogn og Fjordane 2005-2008 peikar ut småskala næringar som eitt av fleire satsingsområde. Her går det fram at ”*Vi vil bygge livskraftig landbruk i levande bygder*”. Vidare blir det sagt at landbruket produserer ”*eit kulturlandskap og bygdeliv som er viktig for trivsel og reiseliv*”. I dette ligg det signal om at vi skal å ta vare på dyrka jord og verdifullt kulturlandskap.

Fylkesdelplan for arealbruk frå 1997 seier mellom anna følgjande om jordvern ved tettstadutbygging: ”*Det vil vere eit mål å sikre høgproduktive areal for landbruksproduksjon og samstundes sikre eigna utbyggingsareal i og kring tettstadene. Før nye landbruksareal vert tekne i bruk til utbyggingsføremål, må behovet for og omfanget av nye areal dokumenterast gjennom tettstads-/landskapsanalysar. Eksisterande utbyggingsareal må få ei tettare/høgare utnytting før nye landbruksareal vert tekne i bruk. Det må stillast særskilde krav til utnyttingsgrad for nye utbyggingsareal*”.

Fylkesdelplan for landbruk frå 2002 peikar ut det å oppretthalda produksjonsarealet som ein viktig strategi for å nå delmålet om å halda på fylket sin relative del av matproduksjonen i Noreg. Eitt av tiltaka lyder slik: *”Strengt jordvern for dei beste og mest samanhengande jordbruksareala i tråd med vedtak i fylkesdelplan for arealbruk.”*

Regionalt miljøprogram for landbruket i Sogn og Fjordane som vart utarbeidd i 2004, har slik målsetjing og strategiar:

”Hovudmålsettinga for det regionale miljøprogrammet for Sogn og Fjordane er å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylket.”

Strategi for landbruksrelatert nærings- og bygdeutvikling revidert i 2009 har slik målsetjing:

”Bygdene i Sogn og Fjordane skal gi moglegheiter for allsidig næringsverksemd, landbruksdrift og varierte buformer. Verksemdene og arealbruken skal ivareta kultur- og miljøverdiane og utvikle produksjonsevna.”

3. Fylkesmannen sine jordvernoppgåver

Etter at Fylkeslandbruksstyret vart lagt ned som ein del av forvaltningsreforma, jamfør Ot.prp nr 10 (2008-2009), har Fylkesmannen fullmakt til å reise motsegn på landbruksområd.

Plan- og bygningslova gjev statlege styresmakter heimel til å reisa motsegn (innsigelse) til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar.

Statsbudsjettet for Landbruks- og matdepartementet 2010 understreker også behovet for eit sterkare jordvern for å møte utfordringane med endra klima og stadig veksande folketal:

”Sikring av verdifulle jordbruksareal og kulturlandskap er høgt politisk prioritert og viktige element i den nasjonale miljøpolitikken. For å ta vare på viktige kulturlandskap og verne om dyrka og dyrkbar jord, arbeider regjeringa etter desse måla:

- *den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast innan 2010*
- *spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumenterte og ha fått ei særskilt forvaltning innan 2010*
- *område som gror igjen med skog må skjøttast med tanke på næring og rekreasjon*

Departementet meiner at det framleis er nødvendig med sterk merksemd kring jordvern både lokalt og sentralt dersom det skal vere mogleg å nå målet. Departementet legg derfor opp til ei meir restriktiv linje i arealdisponeringa.”

Embetsoppdraget for 2010 frå Landbruks- og matdepartementet listar opp mellom anna følgjande oppdrag til fylkesmannen på området jordvern og kulturlandskap:

- *Være et bindeledd mellom nasjonale og lokale myndigheter i formidling av nasjonal politikk for jordvern og bevaring av kulturlandskap, og sikre at de nasjonale målene blir ivaretatt i regionale og lokale planprosesser. Herunder fremme innsigelser i saker der det er nødvendig.*
- *Bidra til at arealpolitikk settes på den politiske dagsorden i kommunene, medvirke til at kommunene har en styrket og samlet strategi for å ivareta viktige kulturlandskap og sikre vern om dyrka og dyrkbar jord gjennom veiledning og kommunikasjon.*

- *Koordinere arbeidet med de utvalgte kulturlandskapene i jordbruket på fylkesnivå, sikre dialogen med lokale aktører og se til at avtaleverk og økonomiske virkemidler er på plass for de 20 områdene som er valgt ut.*
- *Motivere kommunene til å avgrense kjerneområder for landbruk, stille krav om effektiv utnyttelse av eksisterende og planlagte utbyggingsområder, samt legge til rette for et aktivt og miljøvennlig landbruk.*

4. Jordbruksarealet i fylket

Omdisponering

Jordbruksarealet i Sogn og Fjordane registrert i søknader om produksjonstilskot har år for år gått nedover frå 2001. Nedgangen for den fulldyrka jorda starta alt i 1996. I samanlikning utført av Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) går det fram at jordbruksarealet i fylket vårt i perioden 1999-2007 er redusert med 3,4%. Ser vi bort frå Oslo, er det berre Hordaland, Troms og Finnmark som har hatt større prosentvis reduksjon. Målt i dekar er det berre dei to grannefylka våre i sør og nord som har hatt større reduksjon. Seks fylke har i same periode auka jordbruksarealet sitt.

Reduksjonen i fylket vårt på 3,4% tilsvarar heile 16-17 000 dekar. Ein del av dette er nok innmarksbeite, brattlendte og tungdrivne areal som ingen lenger ser seg tente med å driva. Men mykje av arealet er fulldyrka jord. Ein del av denne jorda er etter politiske vedtak omdisponert til utbyggingsføremål. Jord som er attgrodd av skog og kratt, kan om nødvendig igjen takast i bruk til før- og matproduksjon. Areal som er teke i bruk til utbyggingsføremål, må reknast å vera tapt som landbruksjord for alltid.

Omdisponering av dyrka* jord i Sogn og Fjordane (etter både jordlova og plan- og bygningslova)

Årstal	S. og Fj.; dekar	S. og Fj. % av landet	Merknader
2005	445	6,4	5 fylke har omdisponert meir enn S. og Fj.
2006	165	2,2	14 fylke -----”-----
2007	444	5,2	7 fylke -----”-----

*Uttrykket dyrka jord omfattar i dette tilfelle også innmarksbeite og er identisk med uttrykket jordbruksareal.

Tala stammar frå kommunane si innrapportering til Statistisk sentralbyrå. Det har vore ein del tvil om talmaterialet er å stola på. Registreringa for 2007 er sikrare enn for 2005. Underrapporteringa i 2005 var etter alt å døma større i mange andre fylke enn vårt. Dermed er det neppe rett at vi det året låg på sjetteplass i omdisponering.

I 2007 står vi bokført med eit omdisponeringsareal som ligg tett opp under snittet for alle fylka. At talet er såpass høgt i 2007, skuldast mellom anna Kvivsvegen. Hornindal stod for om lag halvparten av det omdisponerte arealet. Sidan dyrka jord også omfattar innmarksbeite, og vi er eit fylke med stor andel av slikt areal, kan det tenkjast at kvaliteten på det omdisponerte arealet i snitt er dårlegare i vårt fylke enn i mange andre.

Samanlikna med landet elles har kommunane i Sogn og Fjordane dei siste åra merka seg ut med liten avslagsprosent for søknader om omdisponering og frådelling etter jordlova.

Nydyrking

Av statistikk frå Jord og landskap går det fram at Sogn og Fjordane har godt 123.000 dekar dyrkbar jord, det vil seia jord som ved fulldyrking kan bli lettbrukt (A-jord) eller mindre lettbrukt areal (B-jord). Knappt halvparten av arealet er myr og like mykje er i dag dekt av skog. Med bakgrunn i dagens klimadebatt kan det synast lite realistisk med omfattande nydyrking av myr, og kanskje mindre aktuelt med nydyrking av skogsareal.

Berre fire fylke har mindre areal dyrkbar jord enn Sogn og Fjordane.

Nydyrkingsaktiviteten i fylket vårt er laber i høve til mange andre fylke. Av all godkjent nydyrking i landet i perioden 2000-2007 ligg berre 2,2 % av arealet i Sogn og Fjordane. I sum er det hos oss godkjent nydyrking av 1 668 dekar i den nemnde perioden. Medan nydyrkinga har gått jamt nedover frå 2004 i vårt fylke, har aktiviteten auka år for år i landet samla.

Kjerneområde landbruk – verktøy for prioritering

Kjerneområde landbruk er eit samleomgrep for Kjerneområde matproduksjon, det vil seia gode, større og samanhengande jordbruksareal, og Kjerneområde kulturlandskap som omfattar spesielt verdifulle kulturlandskap. Etter registrering av slikt areal har kommunane grunnlag for å ta best vare på dei areala dei sjølv meiner er mest verdifulle. LMD og KS har i fellesskap utarbeidd eit rettleiingshefte for registrering av Kjerneområde landbruk og oppmodar kommunane om å gå i gang med slik registrering.

Åtte kommunar i fylket vårt gjekk i 2005 i gang med registrering av Kjerneområde landbruk medan to kommunar har starta seinare. For seks av kommunane (Eid, Gloppen, Luster, Lærdal, Stryn og Solund) er registreringa å finna på Fylkesatlas.

Erfaringa viser at det er ein fordel å knyta registreringa opp mot rullering av kommuneplanen sin arealdel. Det vil innebera ein prosess med nødvendig kommune- og næringspolitisk involvering. I kommunar med arealpress vil dette vera eit godt verktøy for prioritering av arealverdiar.

5. Hovudmål og generelle strategiar

Fylkesmannen vil i samarbeid med kommunane og andre aktuelle aktørar arbeida for ei framtidsretta utvikling der landbruket i vidaste forstand er viktig for busetjing og verdiskaping i fylket og produserer eit rikt kulturlandskap.

Hovudmål

I arealforvaltninga skal vi leggja stor vekt på komande generasjonar sine behov for å produsera eigen mat, og at miljøverdiane i kulturlandskapet vert tekne var på.

Det er eit mål at omdisponeringa av jordbruksareal i Sogn og Fjordane vert halvert frå om lag 500 dekar pr år i 2005 til om lag 250 dekar pr år.

Generelle strategiar

1. Leggja opp til ein tett og konstruktiv dialog med kommunane tidlegast mogeleg i planfasen.
2. Setja fokus på kommunen sitt ansvar for å sikra verdifulle jordbruksareal og kulturlandskap.
3. Oppmoda kommunane om å registrera og ta vare på Kjerneområde landbruk.
4. Stilla strengare krav til kommunane om å dokumentera utbyggingsbehov, alternativvurderingar og landbrukskonsekvensar i arealplanlegginga.
5. Oppmoda kommunane om å gjera ein god og nøyaktig jobb ved rapportering av omdisponert areal til Statistisk sentralbyrå.

6. Konfliktområde, delmål og strategiar

Tettstadutbygging

Konflikt: I samsvar med politiske målsetjingar er dei fleste byar og tettstader i fylket i vekst og utvikling. Vekst krev areal anten det dreiar seg om bustadbygging eller ulike former for sentrumsfunksjonar. Sidan mange tettstader ligg i dei beste jordbruksbygdene i fylket, er det ikkje lett å handtera denne veksten utan at det går utover gode jordbruksareal.

Mål: Utbygging av byar og tettstader skal finna stad med minst mogeleg forbruk av dyrka jord og verdifulle kulturlandskap.

Strategi: Vi skal leggja vekt på fortetting av eksisterande sentrumsareal, høg utnytting av nye areal, vurdering alternative løysingar/ekspansjonsretningar og fastsetjing av naturlege grenser mellom utbyggingsareal og større samanhengande jordbruksområde.

Næringsareal

Konflikt: Avsetjing av areal til industri og næring vil vere verdfullt for kommunane. Ofte er slike arealavsetjingar lokalitetsavhengige, dyrka mark vil då bli sett under press.

Mål: Med bakgrunn i behovet for industri og folkevekst i kommunane, må det i slike høve takast mest mogeleg omsyn til dyrka mark, men at næringsstrukturen og utviklinga av nye arbeidsplassar må vege tungt.

Strategi: Vi skal leggja vekt på fortetting av eksisterande næringsareal, høg utnytting av nye areal, vurdering av alternative løysingar/ekspansjonsretningar, og fastsetjing av naturlege grenser mellom utbyggingsareal og større samanhengande jordbruksområde.

Vegbygging

Konflikt: Gode kommunikasjonar er viktige ikkje minst i eit oppsplitta fylke som vårt. Nye, betre og breiare vegar kan vera avgjerande både for busetjing og næringsutvikling i fylket. Avstand, reisetid, trafikktryggleik og anleggskostnad er viktige moment ved val av vegtrasè. Jordvernet har lett for å bli den tapande parten når dei ulike omsyna skal vegast opp mot kvarandre. Det er ei utfordring å finna fram til trasèalternativ som gjer minst mogeleg skade på potensialet for matproduksjon og verdifulle kulturlandskap.

Mål: Bygging av nye og utviding av eksisterande vegar må skje slik at ein sparer mest mogeleg dyrka jord og verdifulle kulturlandskap, og unngår oppstyking av gardsbruk og jordbruksområde.

Strategi: Vi skal leggja vekt på grundig vurdering av konsekvensanalysar, tilrå dei alternativa som er til minst skade for landbruket, og eventuelt oppfordra til utgreiing av nye traseløysingar.

Hyttebygging

Konflikt: Høgare levestandard og meir ferie og fritid har ført til aukande etterspørsel etter areal for fritidsbustader. Fleire og fleire kommunar i fylket ser det økonomiske potensialet det ligg i å bli attraktive vertskommunar for hyttefolk, og større eller mindre hyttefelt vert tekne inn i kommuneplanane. Slike felt går naturleg nok sjeldan utover lett driven fulldyrka jord. Derimot ser vi ofte døme på at hyttefelt kjem i konflikt med beiteinteresser og verdifulle kulturlandskap. Altfor ofte skjer det at små eldre sel i gamle stølsgrender vert erstatta med større moderne fritidshus. Det inneber ein konflikt i høve til beitande dyr, og ikkje minst i høve til kulturlandskapet.

Mål: Nye hytteområde og einskildhytter skal plasserast på udyrka areal, og utan å koma i konflikt med vitale beiteinteresser, stølsområde eller andre verdifulle kulturlandskap.

Strategi: Følgja opp målet ved kommunedialog og planfråsegner, og eventuelt oppfordra til vurdering av alternative utbyggingsareal.

Dispensasjonar

Konflikt: Frådeling og omdisponering i NLF-område som er i strid med planføremålet, krev dispensasjon etter § 7 i Plan- og bygningslova. For å gje dispensasjon, må det liggja føre særlege grunnar. Få kommunar har utarbeidd rettleiande retningslinjer for vurdering av dispensasjonssaker. Omfanget av dispensasjonssøknader er etter måten stort, og lista for å gje dispensasjon synest å vera låg i mange kommunar. Ikkje lite omdisponering av dyrka jord skjer ved dispensasjonar frå vedtekne planar, og vi ser mange døme på nye bygningar med tilførsleveggar som deler opp gode jordbruksareal og dermed skapar ulemper for landbruket.

Mål: Gode og oppdaterte arealplanar slik at kommunane unngår mange dispensasjonssøknader, og at slike søknader vert behandla i samsvar med vedtekne rettleiande retningslinjer.

Strategi: Oppmoda kommunane om å rullera kommuneplanar og utarbeida rettleiande retningslinjer for behandling av dispensasjonar.

Kulturlandskap

Konflikt: Ein viktig del av føremålet med jordlova er å ta vare på kulturlandskapet.

Kulturlandskapet vil nødvendigvis endra seg over tid, og det er ikkje noko mål å ta vare på alt kulturlandskap slik vi ser det i dag. Derimot er det eit mål *”å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet”* slik det regionale miljøprogrammet for fylket uttrykkjer det. Her er tiltakande attgroing ei stor utfordring. Men også arealplanlegginga må sørgje for at landbruket får gode driftsforhold og at spesielt verdifulle og sårbare landskap blir tekne vare på.

Mål: All utbygging må gå føre seg på areal der det ikkje kjem i konflikt med verdifulle kulturlandskap.

Strategi: Følgja opp målet med kommunedialog og planfråsegner, og eventuelt oppfordra til vurdering av alternative utbyggingsareal.

Klimaendringar

Konflikt: Klimaendringane som no er på gang, vil etter kvart få meir å seia for arealdisponeringa i fylket vårt. Ras- og flaumfare er sentrale stikkord. Resultatet blir at alternativa for plassering av nye bustadområde og anna utbyggingsareal vert færre. Sjølv om det i fylket vårt ligg mykje dyrka areal i trygg avstand frå ras- og vassfare, kan det skapa eit auka press på dyrka jord i mange av dalbotnane våre.

Mål: Kommunane må finna fram til trygge utbyggingsareal som ikkje kjem i konflikt med dyrka jord og verdifullt kulturlandskap.

Strategi: Følgja opp målet med kommunedialog og planfråsegner, og eventuelt oppfordra til vurdering av alternative utbyggingsareal.

7. Bruk av motsegn

Vi vil leggja vekt på kommunane sine grunngjevingar i plan- og omdisponeringssaker, og vega desse opp mot nasjonale og regionale jordverninteresser. Så langt det er mogeleg vil vi medverka til løysingar som tek omsyn til både kommunale, regionale og nasjonale interesser. Der dei nasjonale og regionale interessene etter vår meining tilseier det, vil vi reisa motsegn mot planane.

Det er mest aktuelt å reisa motsegn når:

- det med dårlege dokumentasjonar

av utbyggingsbehov, konsekvensvurderingar og alternative løysingar vert lagt opp til omdisponering av dyrka jord eller inngrep i verdifulle kulturlandskap.

- med konsekvensvurderingar meiner vi vurdering av verknader for landbruket i form av arealtap, avlingstap og ulemper
- med alternative løysingar meiner vi både alternative nye utbyggingsareal og fortetting av tidlegare utbygde areal

- heile eller deler av større samanhengande fulldyrka og lett drivne areal

er planlagt omdisponert utan at heilt vesentlege samfunnsinteresser tilseier det.

- med større areal meiner vi meir enn 100 dekar grasareal eller meir enn 50 dekar hagebruksareal
- med samanhengande areal meiner vi også areal som er oppdelte av eigedomsgrenser, driftsvegar og opne grøfter/bekkar
- med lett drivne areal meiner vi areal som kan haustast med fôrhaustar eller tilsvarande reiskap

- det utanom godkjent kommuneplan

vert lagt opp til omdisponering av meir enn 5 dekar dyrka jord eller inngrep i verdifulle kulturlandskap.

- det med dårleg utnyttingsgrad

av utbyggingsarealet vert lagt opp til omdisponering av dyrka jord.

- utnyttingsgraden må vera høgare di større tettstaden/byen og dermed utbyggingspresset er
- utnyttingsgraden må vera høgare di meir sentrumsnært arealet er
- utnyttingsgraden må vera høgare di betre kvalitet den fulldyrka jorda har

8. Forventningar til kommunane

Fylkesmannen forventar at kommunane:

- følger opp den nasjonale jordvernpolitikken slik at komande generasjonar får nytta godt av matjord og verdifullt kulturlandskap
- set arealpolitikk og jordvern på den politiske dagsorden, registrerer og tek vare på Kjerneområde landbruk slik LMD og KS tilrår
- er à jour med rullering av – og følgjer opp - kommuneplanen sin
- i all arealplanlegging utarbeider gode dokumentasjonar av utbyggingsbehov, vurdering av alternative løysingar og konsekvensar for landbruket
- legg opp til fortetting av eksisterande sentrumsareal og høg utnytting av nye sentrumsnære utbyggingsareal
- legg opp til klåre og langsiktige grenser mellom framtidige sentrumsareal og større samanhengande landbruksareal
- utarbeider og følgjer rettleiande retningslinjer for behandling av dispensasjonssøknader
- er presise og nøyaktige ved rapportering av omdisponert areal mv. i KOSTRA